

Brattvåg Vassverk SA Årsmelding for 2024

Styret hadde året 2024 slik samansetting:

Styreleiar:	x	Eldar Sæterøy
Nestleiar:		Roger Sønderland
Styremedlemmar:	x	Cathrine Flem Lervåg
	x	Elin Bjerke
		Stig Fjørtoft
		Lars Angel Sønderland
Varamedlemmar:	x	Dag Davik
	x	Vivian Maridal
	x	Hilde Ellingsæter
Valnemnd 2021:	x	Solveig Bostad (Leiar)
	x	Ole Petter Årsund
	x	Trond Arve Skjelten
Dagleg leiar:		Nils Kristen Skaar
Beredskapsvakter:		Terje Otterlei
		Harald Johansen
		Einar Rogne

Rekneskap: Sparebank 1 Rekneskapshuset SMN AS

Revisjon: BDO

X = Står på valg.

Generelt.

Forutan årsmøtet, har det i 2024 vore 5 styremøte der 30 saker har vore handsama.

Vassverket har levert vatn til 1019 husvære, 50 kjellar/loftshusvære, 29 andelshavarar som betalar gebyr etter areal og 6 som betalar etter vassmålar. I tillegg er det levert 535 371 m³ vatn til Haram kommune gjennom målar på Alvestad. Haram kommune har avtale om levering av vatn til andre private vassverk og Ålesund kommune, (tidlegare Sandøy kommune). Ny avtale vart utarbeid mellom Brattvåg vassverk SA om leveranse til Haram kommune og vart behandla i kommunestyret sak 094/24.

Vassverket har gjennom året produsert 1 135 123 m³ vatn av god kvalitet. Inntektene har vore kr. 6 577 618. Driftskostnader kr. 6 458 715.

Det har vore synkende inntekter over fleire år, hovudsakeleg på grunn av mindre forbruk/lekkasje på nettet etter målar på Alvestad. Og at bedrifter lokalt med vassmålar har hatt fokus på sitt totalforbruk. Vi har også mista inntekter frå fråflytta nedstengte hus og mindre mengde brakkeriggjar totalt. Det er liten vekst av nyetablering dette året som kompenserer for fråfall.

Det merkast at kostnader på alle varer til vassverket har stege, og ein har styrt svært bevisst for å halde aktiviteten og kostnader så lågt som mogleg. Hovudårsaken til god balanse i rekneskapen har vore mindre kostnader i forbindelse med brot.

Etter at Haram kommune vart sjølvstendig igjen så har driftssamarbeidet mellom kommune og Brattvåg vassverk hatt enklare og kortare kommunikasjonslinje. Det var eit mål i fleire år å få til eit tettare samarbeid om leidningsnett overvakning, sidan nettet henge saman frå Hestevatnet til Ona. Eit trykkfall ein plass, vil alltid kunne forplante seg til store deler av nettet. Driftspersonal fekk på slutten av året passivt innsyn i kvarandre sine driftsovervakningssystem gjennom felles sky-drift. Dette optimaliserer drifta og gir driftspersonal raskare forståing og respons uansett kvar ansvaret ligg.

Det er laga innsatsplan for brann plassert lett tilgjengeleg ved hovudinngang på vassverket. Brattvåg brannstasjon har gått kjentmannsrunde på vassverket, og oppdatert kunnskap om utfordringar i brannkummar og konsekvens for brutale vassuttak er gjennomgått med brannmannskap. Haram kommune sitt tekniske personal, driftsoperatørar og ingeniørar, har fått omvising i forbindelse med eit kurs arrangert på vassverket.

Besøk i mindre grupper og omvising har vore utført i stadig større omfang. Fem skuleklasser frå BUSK og HVS har fått omvising på anlegget, der temaet har vore kunnskap om vassbehandling generelt, trygt, godt og nok vatn til alle. Det er gitt gode tilbakemeldingar på dette, og kan være noko å bygge vidare på, både når det gjeld kunnskap om vassforsyning og rekruttering til faget på sikt.

Hestevatnet og nedslagsfeltet for drikkevatt

Våren 2024 hadde Brattvåg idrettslag trimgruppa eit prosjekt med å tilrettelagte turstiar i fjella rundt Hestevatnet. Her kom vassverket fort i dialog med representantar i trimgruppa samtidig som grunneigarar og kommune vart involvert. Alle tiltak skal vurderast opp mot omsyn til drikkevatt, og dette omsynet overgår alle andre interesser. Står det i føresegner og retningslinjer i kommuneplanen for Haram kommune. Vassverket fekk lagt om stiar, slik at tilrettelagt ferdsel har større avstand til vatnet, og flytta noko sti utanfor det som er tilsiget til vatnet. Det er også tilført nye opplysningsskilt frå vassverket i råse og stiar i fjellet, som opplyser om at du er i ferd med å gå inn i eit nedslagsfelt for drikkevatt. Dette i tråd med mattilsynet sine anbefalingar frå to siste tilsyn.

Det er god dialog med mattilsynet, årleg rapportering er utført, prøvetakningsplanen for vassprøver er oppdatert.

Behandlingsanlegg.

Behandlingsanlegget har fungert utan store nye utfordringar. Situasjonen er som før, og vi må ta høgde for nye investeringar på enkelte deler av vassbehandlinga. Teknisk utstyr har ei levetid, komponentar i anlegget blir skifta ut etterkvart som feil melder seg eller levetida går ut. Tekniske servicer for 2024 er utført etter plan.

Høgdebasseng.

Det gamle runde bassenget har fått litt oppdatering dette året også, med tilstelling av terrenget rundt og ny bordkledning på gamle overbygget. Det står igjen noko arbeid med sikring for trygg tilgang osv.

Leidningsnett.

Det har ikkje vore leidningsbrot i 2024.

Det er slutført 323 meter ny hovudledning på Hellandshamn i forbindelse med bygging av nytt hyttefelt og til forsterkning av eksisterande forsyning til hytter/rorbuer/naust i same område. Dette er eit anlegg som strekte ut i tid, grunna finansiering av utbygger og som vart oppstarta i 2022, men er ikkje nemnt før i årsmelding som slutført. For vassverket sin del, så vart dette ferdig februar 2024.

Drifta.

Nils Kristen Skaar har stått for den daglege drifta, og har saman med Terje Otterlei, Harald Johansen og Einar Rogne delt på natt-/helgevakter. Alle har vore involvert i arbeid med reperasjonar og vedlikehald.

Miljø.

Det har ikkje vore arbeidsulykker i 2024.

Vassverket forureinar ikkje det ytre miljø meir enn det som er vanleg for slike selskap.


Vassverket sin vakttelefon: PRI 1. 91 51 22 24 PRI 2. 91 39 78 36
Natt-helgevakt:

Nils Kristen Skaar
Terje Otterlei
Einar Rogne
Harald Johansen


Økonomi.

Rekneskapen er avlagt ut frå føresetnaden om fortsatt drift.

I styret for Brattvåg Vassverk SA
den 10.03.2025


.....
Eldar Sæterøy
Styreleiar



.....
Roger Sønderland
Nestleiar


.....
Cathrine Flem Lervåg


.....
Elin Bjerke


.....
Lars Angel Sønderland


.....
Stig Fjørtoft


.....
Nils Kristen Skaar
Dagleg leiar